



Statens vegvesen

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

Behandlande eining:
Drift og vedlikehold

Sakshandsamar/telefon:
Irene Dale / 55516139

Vår referanse:
20/140172-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.04.2021

Varsel om oppstart av planarbeid – E16 Åsbrekkegjelet–Skromle bru. Utbetring for forsterka midt- og kantoppmerking.

Statens vegvesen skal i samarbeid med Voss herad i gang med å lage detaljreguleringsplan for det nemnde prosjektet. Vi ber med dette om innspel til arbeidet.

Skildring av prosjektet

Strekninga mellom Åsbrekkegjelet og Skromle bru er i dag smal, utan gul stripe og det er dårleg sikt. På bakgrunn av dette vil ein no breiddeutvide vegen slik at strekninga oppfyller krava til forsterka midt- og kantoppmerking.

Målet med prosjektet er å betre trafikktryggleiken og framkoma på strekninga. Ein ynskjer å utvide vegen til 8 m grunna utfordringar med mykje snø og høge brøytekantar i dette området.

Tiltaket medfører nødvendig langsgående utviding av dagens veg over ca. 3 km. Det skal også vurderast skredsikring av to kjende skredpunkt, Rinden sør og nord, og Bjørkeli sør og nord som ligg i tilknytning til vegen. Skredpunktta er tidvis utsett for sørpeskred. Kurver vert utbetra der dette er naudsynt. Sideterreng vil bli utbetra med trafikktryggleiks-grøft der det er mogeleg. Arbeidet inkluderer også omlegging av avkøyrslar der dette er naudsynt.

Postadresse
Statens vegvesen
Drift og vedlikehold
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen har i samråd med Voss kommune vurdert at prosjektet utløyer krav om konsekvensutgreiing, etter *Forskrift om konsekvensutredninger §8 og §10, Vedlegg II pkt. 10 e) Bygging av veier*. Tiltaket er vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing etter §10, bokstav b) innan fagtema kulturarv. Parallelt med E16 innan planområdet ligg Kongevegen som gjekk mellom Bergen og Christiania. Kongevegen er i dette området ikkje registrert i detalj, og ein har såleis ikkje fullstendig oversikt over kor den er bevart og kor intakt den er i heile området. Gamle konge- og postvegar har nasjonal viktig verdi, og mogleg konflikt med nasjonalt viktig kulturminne utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Planarbeidet skal elles ha særskild fokus på tilhøvet til verna vassdrag, flaum, skred og jordvernomsyn i tillegg til trafikktryggleik. Notat med KU-vurdering ligg tilgjengeleg saman med oppstartsmeldinga, samt på Statens vegvesen og Voss herad sine heimesider.

Oppstartsmeldinga er tilgjengeleg på nettsidene til Voss herad under kunngjeringar, <https://voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjeringar/> og dessutan på vegvesen.no under høyringar vegprosjekt; [Høyringar vegprosjekt | Statens vegvesen](#)


Planområdet

Planområdet omfattar gnr/bnr.: 73/8, 75/10, 85/37, 73/9, 309/2, 310/6, 311/15, 312/7 mfl..

I gjeldande kommuneplan er vegstrekninga er avsett til vegføremål. Ny plan vil i tillegg omfatta areal avsett til LNFR, og til fritids- og turistføremål ved Skogstad.

Kommunedelplan for E16 Oppheim – Lundarosen, planid 08025 omfattar strekninga. Det er starta eit nytt arbeid for kommunedelplan for strekninga Tvinno – Slæn, som i framtida vil erstatte del av Kommunedelplan for E16 Oppheim – Lundarosen

Kartutsnitt med omriss av planområdet er vist under, men ligg også vedlagt.



Framdrift og frist for innspel

Vi ber om at de sender ev. synspunkt, innspel eller andre relevante opplysningar til oss skriftleg innan 26.05.2021, anten med e-post til firmapost@vegvesen.no eller vanleg post til:

Statens vegvesen Pb.1010
Nordre Ål 2605
LILLEHAMMER.

Innspel til planarbeidet **må** merkast med plannamn E16 Åsbrekkegjelet–Skromle bru. Utbetring for forsterka midt- og kantoppmerking, eller saksnummer [20/140172](#).

Medverknadsprosess vil bli gjennomført innanfor gjeldande smittevernreglar for Covid-19. I løpet av høyringsperioden vil me arrangere ein digital kontordag. Datoen for denne er satt til 06.05.2021, frå klokka 9.00–15.00. Denne dagen er det mogeleg å få eit møte med plangruppa via telefon eller Teams, med bestilling av møtetid i forkant. For bestilling av møtetid ta kontakt med planleggingsleiar Irene Dale innan 04.05.21 på telefon 91 88 70 96 eller på e-post: irene.dale@vegvesen.no

Aktuelt regelverk

Dette varselet er sendt ut i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8. Planen blir utarbeidd etter §§ 12-3, 12-8 og 3-7.

Ta gjerne kontakt

Dersom de har spørsmål om planarbeidet, kan de kontakte Irene Dale på telefon 91 88 70 96 eller e-post irene.dale@vegvesen.no.

Drift og vedlikehold vest, Plan og utbygging vest 1

Med helsing

Terje Dagestad
Prosjektleiar

Irene Dale
Planleggingsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.